



— Lagsblad —

Nr. 3

Mars 1924

7. aaret

## I HAGEN MIN.

*Eg gieng millom straalande rosor  
i blømande hagen min,  
og rosorne angar so ljuvleg  
i skinande venleiken sin.*

*Og hagen er mitt Eden,  
mitt eige drøymande liv,  
der lengsel som kvite englar  
stilt millom rosorne sviv.*

*Den snøkvite der det er sorgi  
sin graatdogga roseblom.  
Som altarljos i eit tempel  
ho skin av sin fagerdom.*

*Den blodraude der som bøygjer  
seg edel og andmjuk lik  
ei terna i bøn til himlen  
er kjærleikens rosa rik.*

*Ho er den fagraste rosa  
som blømer i hageu min,  
og skir ho er i sitt ynde  
som blomen paa barnekinn.*

*Den bleikraude der er minni  
si sorgmilde rosa mætt,  
og ho syng ein vemodstone  
so fager, at hlarta græt.*

*Og sumar er det med gleda  
og sol i ven harmoni,  
og kvite englar straar perlor  
ut yver kvar rosa mi.*

*Men kjem so den kalde hausten  
og herjar i hagen min,  
eg kysser rosorne mine  
og legg dei aat barmen inn.*

BERTEL RITLAND.

## Bertel Ritland.

Det er vel faa av b. u. sine medlemmer som kjenner noko til Bertel Ritland endaa han har skrive mange fagre dikt ut etter aari. Men no ei stund har det tagna fraa denne fine songharpa; det er hard sjukdom som har stogga han i arbeidet med aa skriva.

Bertel Ritland er fødd paa Ritland i Suldal for væl 30 aar sidan. Garden ligg uvanlegt fint attmed Suldalslaagen, umkransa av skog paa alle sider. Høgere upp er det grasbakkar og bjørkeskog um ein annan, stølar og høg fjell. J ei so rik og skiftande natur er det ikkje under um der veks upp diktarar.

Og naturi har og sett sitt stempel paa Bertel Ritland. Han syng um den underfulle natui i kring seg kanskje meir enn nokon annan diktar eg kjenner. Det er so mjukt og fint at ein kann smaka paa tonen i alt det han skriv. Og det er ikkje lite han har skrive av dikt og forteljingar. Kanskje mest dikt. I ungdomsbladi var det manga dikt fra Ritland for 8—10 aar sidan. Han var tengt aa gi ut ei diktsamling og hadde faat lovord fraa mange kjende menn og hadde visst faatt bokreidar og men so slo helsa feil og han maatte fyrebils gi upp det heile. Men eg vil inderleg ynskja at Ritland maa faa helsa til aa gi ut det han har skrive; for det er so altfor godt til aa liggja i bordskuffa.

Den norske ungdomen faar 'kje for mykje av fin, kjenslerik lyrik.

Her er ein smakebit fraa samlingi hans.

A. v.

## Saumarlaget.

I januar og februar maanad er det kome umlag 60 nye medlemmer i laget, storparten av desse 60 nye lagsfolk er gjentor. — Me vil daa her nytta høve og minna um *saumarlaget*. — Kvar maandags kveld kl. 8 samlast nokre gjentor paa litlesalen, og her sauma dei mange overlag fine og gilde ting som

seinare gjev laget ikkje lite innkoma naar det er norsk marknad. — No, naar der er over 200 gjentor i B. u. l. so burde og medlemstalet i saumarlaget auka noko. Eg har ein og annan gong kika inn til gjentone paa litlesalen; men eg maa segja at eg hadde venta der hadde vore fleire med her i saumarlaget. Dei som no kjem saman kvar maandag og saumar gilde vinstar til laget si Jubilæums marknad det er trugne og trufasta gjentor, som i mange og lange aar har ofra mykje av tid og arbeid for aa gjeva laget ei økonomisk studnad. Takk og æra skal dei ha. Og naar no desse gjentor, som er med i saumarlaget bed at fleire maa koma og vera med i arbeidet, so la ikkje denne oppmodingi vera til faanyttes. Har du ikkje høve til og møta fram nett kvar maandag, so kom so ofte du kan, og er der nokon som ikkje kan møta paa denne dagen, so faa eit arbeid med deg heim, og nytta noko av fristundi di so du kan vera med aa gjera *dit* til at me fær ei stor og gild *Jubilæums marknad, i 1925*. Um alle gjentone i laget berre visste kor me lagsgutar gleda oss til aa vinna noko av det som gjentone har sauma, so er eg mest viss um, at *mange mange* fleir vilde vera med i Saumarlaget. Berre sjaa naar det er *marknad*, paa Skjotebanen, Raulet og Lukkehjul, *alle* so vil dei ha nr. paa *Umse handarbeid*. Eg hev sjølv vunne fleire store og gilde handarbeid her i laget og baade Anders og eg, me hev vunne kvar si sofaputa, og kvar dag so blundar me „pikketer“ paa denne puta og kvar gong me blundar, so drøymar me ljose sæle draumar um ho som hev sauma desse gilde og mjuke putor, — Baade Anders og eg veit kven som har sauma dei putor me har vunne, og difor er det alltid ei hugnad kvar gong me fær høve til og kvila og drøyma. — *Lagsgjentor bli med i Saumarlaget, og møt fram maandag kveld kl. 8.*

## Skotaarsfesten

som gjentone hadde laga til laurdag den 1ste mars, var i alle maatar ein straalande fest.

So snart me var komne tilbords maatte ein kvar gamal, grinut og sur sveinkall koma i godlag.

Eg kan mest aldri minnast nokon fesl, kor det var nedlagt so mykje arbeid for aa gjera det hugnalegt og gildt for festlyden. — Alle bord var pryda med blomar, ljøs og norske flag, og raude hjartor med spjod og pilo i var i rik mengd spreidd ikring alle bord. Fru Hovda heldt festalen, og ved bordet elles tala Bastian, og Clemmentsen. Det var ein stor tale Clemmentsen heldt den kvelden, og aldri hev nokon bordtale slege so godt ann som nett denne. Me fekk her høyra, at Clemmentsen kunde vorte gifte eingong, — men sa han, — det var kje so rare „greiene“ men eg skulde likevel lote det stade til den gongen sa han, for no gaar det paa „øvelære“ sa han. Ja det var ein stolpande tale. —

Ein skjemtesong paa mange vers var skriven til festen, og i denne songen fekk kvar sitt. — So vart salen rydda, og det gjekk med leik og moro. Eldbjørg kom med bondeguten; — som saag ut til aa vera i godlag; — og fleire av karfolket vart dekorera med ymse storkors. Soleis fekk Osmundsen ei stor papir rosa, til minne um den tapre *daad* han so ofte fer høve til aa utvisa. — (dette er aa kasta ut av salen alle som ikkje kan halda tætt, under foredrag o. a.) — Lars Bø, vart utnemnt til komandant paa Kristiansand S. — og fekk seg utlevert, 3 store lyklar. — Bastian fekk seg og ein orden. — Ei knipetang — med eit *sunderkrasa* ungmøy hjarta i. Men eg lo mest, daa Nicolai synte seg paa tilet der ho Jannemor nynna nokre smiltande søte ord, og Nicolai skulde nett knipa til, men ak og ve der knalda eit skot, me saag ein stor kveiteongel

med eit stort konehjarta paa, Nicolai slukte det heile, men det vart for mykje, han stupa i marko og sovna rett av.

So fekk me pikekys, negerkys krumkaka og krem. Fleire av desse gamle „tjukke“ og „tynde“ sveinkallar fekk seg varme og kalle brev, og Johannes han hadde daa fenge eit som der var tone til og fjaag og blid, song han med fynn og klem, fram desse smeltande søte og varme ord han fekk fraa den fjaaga gjenta si. Fyrst fram paa morgonsida slutta den gilde festen. — Desse ti gjentor som var med i festnemdi skal ha laget si beste takk for alt det strev dei haddde for aa faa i stand denne vellukka skotaarsfest.

*Eldbjørg* og *Kari* vart utnemnde til riddarar av ungarordenen, og baee fekk seg ordenen utetla paa festen, det var ei stor ven sylvstjerna hengande i ei tjukk stor gullenkja.

— Dei andre 8 gjentor skal og faa sin. men eg vil ikkje segja dagen enno.

*Bastian.*

## Kva bygder medlemmerne vaare er ifraa.

Kanhenda lagsbladet sine lesarar likar aa sjaa kor dei ymse lagsfolk, høyrer heima, og kor dei ætta fraa.

Her tek me med eit yversyn.

Hetland	54	Høyland	5
Stavanger	40	Saude	5
Sand	19	Nærbø	5
Fossand	15	Kvitsøy	5
Hjelmeland	13	Haaland	5
Vats	12	Lund	4
Suldal	11	Halsnøy	4
Høle	11	Varhaug	3
Nedstrand	10	Klepp	3
Vikedal	9	Fister	3
Sandeid	9	Aardal	3
Rennesøy	7	Lyse	3
Høgsfjord	6	Sunnmøre	3
Jelsa	6	Skjold	3
Hardanger	6		

2 fraa kvar av desse bygder.

Bru, Eigersund, Erfjord, Etne, Farsund, Gjestal, Hundvaag, Imslund, Lindaas, Revheim, Røldal, Skudenes, Sogn, Stjernerøy, Strand, Stord, Time, Telemark og 1 fraa kvar av desse.

Aalesund, Bjerkreim, Bjørgvin, Eike-land, Fjeldberg, Førresfjorden, Høivik, Helgeland, Lista, Lyngdal, Maalselv, Norfjord, Os, Kvinnesland, Sandnes, Salhus, Sirnes, Sirdal, Skaare, Skaanevik, Stangeland, Sunnfjord, Tou, U.S.A. Utsira, Værdal, Veavaag.

### Uvissa.

— Dei står der og evar han og ho og natti ho andar av fred . . .

Han trur at han nemner —, — nei, ikkje no — —

— Han er ikkje rædd, — nei, det er ikkje so, men Gud veit kva det ender med . . .

— Ho stakkar veit 'kje kva ho skal tru . . .  
Ho veit ikkje opp eller ned.

— Å, — vilde han sagt det — å du å du!

Um visst det kund' verta seg mangt vilde snu, men Gud veit kva ender med . . .

Mikal R.

### Møtedagar for serlagi.

Saumarlaget hev møte maandag kl. 8

Songarlaget har møte kvar maandag kl. 8<sup>1/2</sup>.

Leikarringen øver kvar fredag.

Boksamlingi opi kvar maandagkveld.

Spellaget, treng fleire folk, hev du interessa for spelstykke og hev du hug til aa prøva deg so meld deg til tenest.

### Ein gild kveld

hadde Spellaget og Songarlaget skipa til i festsalen sundag den 23 mars.— Spellaget synte fram *Brennefolket*, og Songarlaget song fleire av sine beste songar. Der var stuvande fullt hus og uvanlegt mykje fagning. Pettersen spela odelsbonden paa Brenne med liv og humør, og aldri har eg i laget set nokon som har spela denne rolla so plystrande godt. Turine Pedersen gjorde og stor lukka, og laatten stod høgt under taget kvar gong ho synte seg paa tilet. Risvold spela som vanlegt ganske godt og det var gildt og sjaa Anders att paa tilet. Jannemor og Johannes, som baee tvo for fyrste gong skulde visa seg for pengar, gjorde sine saker godt, og det var lett aa sjaa at baee tvo, meir enn ein gong har vore vane, med aa elska og knipa. Ja alt i alt var det ein framifraa gild kveld. Songarlaget som no har øva inn den gode gilde. „*Fjellsongen*“ gjorde stor lukka, og maatte og syngja eit umframnr.

No kan me sjaa, at det er lett aa samlu fullt hus i festsalen; men no lid det so langt paa aaret, at det er 'kje so godt aa faa folk til aa vera med i spelstykke. Men til hausten, so lat oss daa alle som ein, vera samde um, aa gjera vaart til, at festsalen frametter hausten og vinteren skal verta samlingsstaden for ungdomen i byen; til gleda for alle og til økonomisk studnad for B. u. l.

st.

### Bollefesten.

Me minner um „bollefesten“ Sundag den 27 april kl. 8.



## Februar og Mars

maanad har vore tvo gode og gilde maanader for B. u. l.

Stuvfullt hus kvar torsdag; og paa kvart møte har det daa vore eit godt program. Sundag 3 februar heldt *Coucheron Aamot* foredrag um „Norge i nutiden“, og synte fram ei mengd vene ljusbilæte. —

$7/2$  — var det song av songarlaget og val av nemnder og styrer.  $14/2$  heldt lærar Dybing eit uvanligt greit og lærerikt foredrag um Det norske flagg. —  $21/2$  var Anders Underdal hjaa oss. Han heldt eit stutt foredrag um Fedrarven, og seinare las han stubbar og vers, og song fleire norske og svenske folkevisor.

$28/2$  var me so hepne aa faa Arne Bjørndal i laget, — han heldt foredrag um norsk folkemusik — og spela norske slaattar og folketonar. — Stuvande fullt hus, og stormande fagning. Mars maanad tok til med *Skotaarsfesten*.

Torsdag  $6/3$  var det leikemøte.  $12/3$  heldt Sokneprest Erla, eit forvitneligt foredrag um *sterk ungdom*: —

Rusdrykk, cigarettar og all moderne negerdans lyste han i bann, — det var ikkje noko som kunde lyfta ungdomen upp mot det som var reint og godt.

— Det var med gleda eg hørde presten sa so mykje gildt og godt um vaar nasjonale songdans og folkeviseleikar. Etterforedraget fekk me song av Operasongar Louis Lund —  $20/3$  Var Elias Melvær i laget, og tala um Blix og Blixsalmarne.

Det er alltid ei gleda og høyra Melvær. — Han er no ein gamal mann

men i sinn og tanke er han millom dei yngste enno.

Eit sprettande humør har han, so det er ein fest aa høyra naar han fortel. Sundag 23 og tysdag 25 var det marknadstellingar, med mykje folk og stor fagning.

Torsdag 27. Leikemøte, Jannemor Magnussen og Sigurd Bærheim song fleire nr. kvar med tonefylgje av organist Johnsen, som me her vil faa sjaa, hev det vore gilde maanader for laget, og attaat alt dette so er 75 nye lagsfolk upptekne etter nyaar.

## Fraa styremøte 18-3 1924.

### *Saklista for april og mai:*

- $3/4$ : Ordskifte, utvandringi, innleidar  
Lars Bø
- $6/4$ : Foredrag med ljusbilæte av Arne Espeland: Thv. Kittelsen og trollskapet i norsk folkedikting. Orkestermusik.
- $10/4$ : Geburg Aasland.
- $24/4$ : Foredrag av Hallvard Svello.  
Orkestermusikk.
- $27/4$ : Bollefest.
- $1/5$ : Møte. Program senere.
- $8/5$ : Høgskulestyrar Martin Birkeland,  
Songarlaget
- $15/5$ : Tvo stutte foredrag. Song og musikk. Bondeguren.
- $17/5$ : Fest.

## Skittfint mål.

Har du logge i aamen, Karen?

Nei, det har jeg slettens ikke, din gategut!

Då „gateguten“, bror til Karen, kjem på skulen, spyrr læraren honom: Hvorfor kom du ikke på skolen igaar, Henrik?

Eg har log — lagt syk, svarar Henrik.

Aa, naa saa, segjer læraren, du har ligget syk, stakkar.

På heimvegen gjeng vesle Henrik og mullar med seg sjølv: logge, lagt, ligget — ligget, lagt. Heima spyrr mori honom: No Henrik, ka sa læraren for du va vekke igaar?

Han? — han bare sporte kaafor eg ikkje kom paa skulen, aa eg sa saa sant va, at eg hadde logge sjuk.

Logge, logge, hermer Karen. Aldri lærar no den gutten te snakke dannet.

Ka ska eg seie daa?

Du skakke seie, du skal sie at du har lagt syk.

Det sakkje læraren. Han sa ligget, han. Bæl no kan du staa der me boss paa øgel!

Aa pytt, han skittviktie læraren dokkes, han ska no alti snakke saa en prest!

## „BONDEUNGDOMSLAGET“

kjem ut i Stavanger  
eingong i maanadan  
og kostar 2 kr. aaret

### Jubileumsutgåva av Arne Garborgs

skrifter i samling bør kvar ein heim i Rogaland sikra seg no, då den namngjetne diktaren er avliden. Bokhandlar Opsanger i Stavanger hev opplag. Prisen er for alle 7 band kr. 45,00 hefta, 62,50 bundi i shirting og 90,00 i skinnrygg. Likeeins bør ungdomslag og boksamlingar sikra seg denne. — Barne- og folkeboksamlingar kan ogso senda sine tingarar til bokhandlar Opsanger.

*Faner og  
Teaterkuliser*

**Bernh. Holgersen**  
Malerforretning - Kongsgt. 24

**J. L. Tidedemauns Tobaksfabriks**  
kommissionlager i Stavanger

*Stadig paa lager  
de mest anerkjendte merker  
i Cigaretter og Tobak*

**J. Bjørgo**  
Benyt telefon 1093 Ø. Holmegate

*Ingen presenter  
pryder og pynter  
som blomster fra  
Blomsterballen*

Alf Solheim

Østervaag 25



PAPIRFORRETNING  
RAMMEVERKSTED

PETROLEUMSLAMPER  
STENTØI & GLAS  
I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.

S. GITLESEN

ØSTERVAAG 41



MASKIN-  
HUSET

(Indeh. Thorvald Veire)  
Bredgaten 9

Matstova og Kaffistovorne  
til BONDELINGDOMSLAGET

*er rette staden for tilreisande og fastbuande  
som vil stetta svolten eller kvila ei stund*

**GILDASTE STOVORNE I BYEN**

**GODTFOLK!**

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag,  
so hugs at De fær dei beste drikkevaror hjaa meg

Løna med fleire medaljor

Telefon  
727 k

**GUNNAR LØVIK**

KONGSGATA 36

Telefon  
727 k

# Johan Østhus & Co.

*Kolonial - Feitevaror  
Kjæks - Sjokolade  
Tobakk og Frukt  
En gross*

Telefon 2286

Telefon 2286

# N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

---

**Colonial- og  
Fedevarerforretning**

# R. G. Klovning

Breidgata 20 :: :: :: ::

**KOLONIAL**

Hampegarn - Bomullsgarn  
SNØROR - TOGVERK  
OLJEKLÆR.

# MERK!

*Største og fineste utvalg i ram-  
melister, ovale gullspeller og rammer  
Innramning av bilder*

**M. ANDREASSENS**  
RAMMEFORR. OG KUNSTHANDEL  
Ø. Holmegt. 25                      Telefon 1469

# BRØDRENE MAG

Nygaten 48

.....

Telefon . 937  
Butikken . 3083

---

**Malervare- og  
jernvareforretning**

Telefon 102

# A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-  
FORRETNING :: ::

GODE OG BILLIGE VARER!

Lagsgjenter — Lagsgutar.

*Frukt, Drops, Chocolate  
Tobak, Cigarer, Cigaret-  
ter, Piper  
Alle slag. Rimelege prisar.*

**OLAV HAMRE**  
Tif. 3440    NYTORGET    Tif. 3440

**TIME**

# Jonas Jørstads BOKHANDL

Stort lager av nyare og eldre litteratur.  
Tingingar til boksamlingar og leselag  
vert sytt for fort og greitt .....

Fotografiske artiklar

Musikvarer